

Prop. 21 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2025 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 21. november 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 87,8 mill. kroner. Auken har i hovudsak samanheng med høgare utgifter under kap. 117 *EØS-finansieringsordningane* i år.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* er Gaza og Palestina regjeringas viktigaste prioritering. Den palestinske befolkninga opplever total øydelegging i Gaza, framleis okkupasjon og aukande busetjarvald på Vestbredden. Den palestinske regjeringa er i si djupaste likviditetskrise til no, med fare for bankkollaps. President Trump sin 20-punktsplan om ei fredeleg løysing på konflikten mellom Israel og Palestina har opna for auka humanitær støtte og kan leggje grunnlag for gjenoppbygging. Finansieringsbehova for naudhjelp, stabilisering, gjenoppbygging, drift og reform av palestinske myndigheiter (PA) er formidable. Regjeringa foreslår difor å auke løyvingane med 251,7 mill. kroner i 2025.

Nye overslag tilseier at flyktningutgiftene i Noreg som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir lågare i år enn budsjettet etter revidert nasjonalbudsjett for 2025 (RNB 2025). Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 259,3 mill. kroner som i hovudsak omprioriterast til anna bistand. Samla utgjer bistandsbudsjettet i 2025 med dette 57,1 mrd. kroner. Dette svarar til

1 pst. av BNI-anslaget lagt til grunn for 2025-budsjettet.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 90 Lån til norske borgarar i utlandet

Løyvinga dekker lån til nordmenn i utlandet forutsatt at kriteria for naudlån er til stades. Utanriksdepartementet har i 2025 hatt høgare utgifter enn forventa på posten.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 0,1 mill. kroner.

Kap. 3100 Utanriksdepartementet

Post 02 Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane

Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU) anslår ein lågare vekst i ordinære søknader om Schengen-visum enn forventa. Samstundes har det berekna talet på søknader om opphaldsløyve for i år auka noko.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 06 Tilbakebetaling ifm. avvikling av gjeldsbrevordninga

Som eit resultat av omlegginga frå gjeldsbrev til kontantbidrag for Noregs bidrag til Verdsbankens fond for dei fattigaste landa, IDA, samt bidrag til Afrikafondet og Asiafondet, vart det i 2025 gjennomført ein eingongsoperasjon med nedtrekk av tidlegare utstedte gjeldsbrev til dei tre fonda. I samband med dette tilfalt det Noreg ein «rabatt» sidan utviklingsbankane får tidlegare tilgang til midlane, jf. omtale i Prop. 146 S (2024–2025). Samla tilbakeført beløp vart 240,5 mill. kroner. Dette er ei auke samanlikna med løyva beløp i RNB 2025, som var basert på eit anslag og avhengig av mellom anna marknadsrente og tidspunkt for utbetaling.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 10,5 mill. kroner.

Kap. 103 Regjeringas representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Utanriksdepartementet har i 2025 vore nøydd til å handtera fleire politisk høgt prioriterte besøk og arrangement som det ikkje var planlagt og budsjettert for. Den samla aktiviteten har dermed vorte høgare enn forventa. Dette gjeld mellom anna besøka av Frankrike sin president Macron og Ukraina sin president Zelenskyj. Betydeleg dyrare arrangementstenester har òg gjort at utgiftene vart høgare enn forventa. I siste kvartal planlegg ein for nye offisielle høgnivåbesøk. I tillegg kjem auka utgifter til drift av regjeringas representasjonsanlegg.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Den offisielle reiseaktiviteten til kongefamilien har vore lågare enn forventa i 2025. Sjølv om det blir gjennomført to større besøk for kongefamilien i haust går det mot eit mindreforbruk på posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar

Post 70 Pliktige bidrag

Det er eit mindrebehov på posten på 18,8 mill. kroner.

Utbetalingane til EFTA og EFTAs organ blir 21 mill. kroner lågare enn budsjettert fordi eit mindreforbruk frå 2023 blir trekt frå innbetalinga for 2025. Det pliktige bidraget til Nordisk ministerråd blir òg om lag 10 mill. kroner lågare enn forventa, og Noregs bidrag til FN's internasjonale operasjonar reduserast med 6,5 mill. kroner samanlikna med RNB 2025.

Noregs bidrag til NATO sitt sivile budsjett aukar med om lag 17 mill. kroner, mellom anna fordi pensjonsutgifter for 2024 ved ein feil ikkje vart utbetalt før i 2025. I tillegg er det mindre justeringar i andre kontingenter mellom anna grunna valuta.

Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 18,8 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014-2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014-2021, kan overførast

Det er ei nedgang i behova til mottakarlanda mot avslutninga av finansieringsperioden, mellom anna grunna lågare valutakurs på utbetalingstidspunkta enn det som var lagt til grunn i RNB 2025.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 19 mill. kroner på post 77 og 14 mill. kroner på post 78.

Post 79 EØS-finansieringsordninga 2021-2028, kan overførast

Post 80 Den norske finansieringsordninga 2021-2028, kan overførast

Det er behov for å auke løyvinga på begge postane for å dekkje inn dei utbetalingane som er gjennomførte innanfor fullmakt til å overskride gjevne løyvingar, jf. romartalsvedtak II Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Det var stor usikkerheit i prognosane som låg til grunn i RNB 2025. Meirbehovet skuldast mellom anna at enkelte av dei internasjonale partnerorganisasjonane har rett på 10 pst. forskot i samsvaret med regelverket for finansieringsordningane. I tillegg har administrative utgifter i mottakarlanda blitt høgare enn forventa som følgje av at fleire rammeavtaler har blitt undertekna i 2025.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 85 mill. kroner på post 79 og 53 mill. kroner på post 80.

Auken er innanfor den samla avtalte ramma for EØS-finansieringsordningane.

3 Programområde 03 Internasjonal bistand

Kap. 144 Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Arbeidet med evaluering av norsk utviklings-samarbeid vart flytta frå Norad til Norec 1. januar 2025. Det har vore redusert forbruk til innkjøp av evalueringstenester i ein oppstartsfase.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner.

Kap. 150 Humanitær bistand

Post 70 Naudhjelp og humanitær bistand, kan overførast

Humanitær bistand til Gaza/Palestina

Grunna den alvorlege situasjonen med store humanitære behov i Palestina, som kjem på toppen av allereie store behov i ei rekke andre humanitære krisar, gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga til akutt humanitær kriserespons ut 2025 med 150 mill. kroner. Dette vil bidra til meir humanitær innsats i Gaza og på Vestbredden. Saman med krisebidrag til palestinske myndigheiter under kap. 159 *Regionløyvingar*, post 70 *Midtausten* er dette eit viktig bidrag i 2025 for å støtte den hardt ramma palestinske befolkninga og bidra i oppfølginga av våpenkvileavtala.

Norsk-indisk forskning- og næringslivskonferanse

I Prop. 146 S (2024–2025) vart det rammeoverført 2 mill. kroner frå kap. 161 *Utdanning, forskning og offentlege institusjonar*, post 74 *Noregs forskingsråd - utviklingsområdet* til Kunnskapsdepartementet sitt kap. 285 *Noregs forskingsråd*, post 21 *Særskilde driftsutgifter*, til ein norsk-indisk forskings- og næringslivskonferanse i 2025 som så vart avlyst. Det blir difor gjort framlegg om å flytte ubrukte midlar på 1,7 mill. kroner frå kap. 285, post 21 til humanitær bistand til Gaza/Palestina på denne posten.

Samla blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med 151,7 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m.

Det er enkelte endringar i kontingentutgiftene for 2025, i hovudsak grunna endra valutakurs. Dette gjeld mellom anna utgifter for FN sine fredsbevarande operasjonar og FN sitt miljøprogram (UNEP).

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 70 Midtausten, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å auke Noregs krisebidrag til Palestina og dei palestinske myndigheitene, som står i fare for å kollapse økonomisk. For Noreg er det viktig å oppretthalde dei palestinske institusjonane i gjenoppbygginga etter krigen og i oppfølginga av president Trumps 20-punktsplan om ei fredeleg løysing på konflikten mellom Israel og Palestina. Auken sjåast i samanheng med forslag om auke i den humanitære bistanden til Gaza/Palestina, jf. kap. 150 *Humanitær bistand*, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand*.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

Kap. 161 Utdanning, forskning og offentlege institusjonar

Post 74 Noregs forskingsråd - utviklingsområdet, kan overførast

Som følgje av nye anslag frå Noregs forskingsråd blir det gjort framlegg om å justere ned tilsegnfullmakta på posten med 8,5 mill. kroner, frå 709,9 mill. kroner til 701,4 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak II, punkt 1.

Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

Det er samla sett eit mindrebehov på posten. Det er utbetalt eit høgare beløp til Det internasjonale finansieringsinstituttet (International Finance Corporation – IFC) enn i saldert budsjett grunna valutakurs på utbetalingstidspunkt. Overskriddinga er det gjeve fullmakt til i romartal III, punkt 3 i Prop. 1 S (2024–2025). Det er samstundes utbetalt eit lågare beløp enn i saldert budsjett til den tju-

ande påfyllinga til Verdsbankens fond for dei fattigaste landa, IDA20, grunna overgang frå gjeldsbrev til kontantbidrag.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 4,8 mill. kroner.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Det er samla sett eit meirbehov på posten grunna valutaendringar for utbetalingane til Afrika-banken, IDB Invest (privatsektor-delen av den inter-amerikanske utviklingsbanken) og det nordiske utviklingsfondet (NDF). Overskridinga er det gjeve fullmakt til i romartal III, punkt 4 i Prop. 1 S (2024–2025). Samstundes er det utbetalt eit lågare beløp til ny påfylling til Asiafondet enn i saldert budsjett grunna omlegging frå gjeldsbrev til kontantbidrag.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 5,2 mill. kroner.

Kap. 179 Flyktningtiltak i Noreg

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nye overslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskaps-

departementet og Kunnskapsdepartementet tilseier at flyktningutgiftene i Noreg under desse departementa som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) til saman blir lågare i år enn budsjettet etter RNB 2025.

Løyvinga i RNB 2025 var basert på eit planleggingstal på 18 200 flyktningar og asylsøkjjarar til Noreg i 2025, inkludert 12 000 frå Ukraina under ordninga om mellombels kollektivt vern. Utlendingsdirektoratets planleggingstal er no redusert til at det vil kome 15 200 til Noreg i år, der 11 500 kjem inn under ordninga for mellombels kollektivt vern. Det blir i denne samanhengen vist til nærare omtale i dei respektive departementa sine budsjettproposisjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 259,3 mill. kroner som i hovudsak omprioriterast til anna bistand.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2025 under Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2025 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2025 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2025 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet:	
	90	Lån til norske borgarar i utlandet, blir auka med..... frå kr 450 000 til kr 550 000	100 000
103		Regjeringas representasjon:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 57 307 000 til kr 60 307 000	3 000 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 8 559 000 til kr 7 059 000	1 500 000
116		Internasjonale organisasjonar:	
	70	Pliktige bidrag, blir redusert med..... frå kr 1 773 119 000 til kr 1 754 319 000	18 800 000
117		EØS-finansieringsordningane:	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , blir redusert med... frå kr 460 000 000 til kr 441 000 000	19 000 000
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 261 000 000 til kr 247 000 000	14 000 000
	79	EØS-finansieringsordninga 2021–2028, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 150 000 000 til kr 235 000 000	85 000 000
	80	Den norske finansieringsordninga 2021–2028, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 130 000 000 til kr 183 000 000	53 000 000
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec):	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 13 000 000 til kr 5 000 000	8 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
150		Humanitær bistand:	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 4 336 481 000 til kr 4 488 181 000	151 700 000
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid:	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., blir auka med frå kr 429 421 000 til kr 432 421 000	3 000 000
159		Regionløyvingar:	
	70	Midtausten, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 707 181 000 til kr 807 181 000	100 000 000
172		Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette:	
	70	Verdsbanken, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 415 109 000 til kr 1 410 347 000	4 762 000
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 1 103 100 000 til kr 1 108 278 000	5 178 000
179		Flyktningiltak i Noreg:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 3 262 428 000 til kr 3 003 169 000	259 259 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet:	
	02	Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane, blir redusert med..... frå kr 278 000 000 til kr 276 000 000	2 000 000
	06	Tilbakebetaling ifm. avvikling av gjeldsbrevordninga, blir auka med..... frå kr 230 000 000 til kr 240 446 000	10 446 000

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2025 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
161		Utdanning, forskning og offentlege institusjonar	
	74	Noregs forskingsråd – utviklingsområdet, <i>kan overførast</i>	701,4 mill. kroner

